

## **Emnerapport haust 2022**

**Emnekode og namn: NOSP257/313 Kommunikasjon og fagspråk**

### **Faglærar si vurdering av gjennomføring**

**Praktisk gjennomføring:** Emnet er delt i tre delar (fagspråk, klarspråk og tekstanalyse) med til saman 13 førelesingar. Kvar del vart dekt av éin faglærar.

I starten av semesteret var det to fysiske førelesingar per veke, og i praksisperioden til lektorstudentane gjekk vi over til Zoom-undervising på kveldstid (16.00-18.00) for å tilretteleggja for dei som var i praksis.

**Tilgang til relevant litteratur:** Pga. at Leganto-systemet fører opp bøker som er tilgjengelege ved UB, vart ei av hovudbøkene ikkje bestilt inn av Akademika i tide. Generelt har Leganto-systemet ført til ein god del forvirring hjå studentane, då det er vanskeleg å forstår kvar og korleis dei ulike pensumtekstane kan skaffast.

### **Gjennomføringsprosent**

10 var eksamensmelde i emnekoden NOSP313 (ingen i NOSP257), 9 bestod.

### **Faglærar si vurdering av rammevilkåra**

Vi hadde rom 326, HF-bygget kvar måndag. Dette rommet er lite eigna til undervising, då det er tront og umogeleg å møblera hensiktsmessig, og det har i tillegg innsyn frå naborom.

### **Faglærar sin kommentar til studentevalueringane**

Evalueringa vart gjennomført som sluttevaluering i form av eit elektronisk spørjeskjema distribuert til studentane via student-e-posten deira. Fire av totalt elleve studentar svarte på undersøkinga, noko som tilsvarer ein svarprosent på 36.

#### **Spørsmåla og responsane på dei med prosentandel (N = 4)**

*Generelt sett, hvor fornøyd er du med NOSP313?*

Ganske fornøyd: 75 %, Verken eller 25 %

*Fremstår NOSP313 som et helhetlig kurs?*

Ja, i stor grad 25 % , I nokså stor grad 75 %

*Hvor fornøyd er du med forelesningene på emnet?*

Ganske fornøyd 100 %

*Generelt sett, hvor stort læringsutbytte har du hatt av å følgje forelesningene?*

Stort utbytte 25 %, Nokså stort utbytte 25 %, Verken eller 25 %, Nokså lite utbytte 25 %

*Hvor fornøyd er du med pensum?*

Ganske fornøyd 50 %, Verken eller 50 %

*Hvor stort læringsutbytte har du hatt av å lese pensumlitteraturen?*

Nokså stort utbytte 100 %

*Var pensummengden tilpasset kursets omfang?*

I nokså stor grad 75 %, Verken eller 25 %

**Faglærar si samla vurdering, inkl. forslag til betringstiltak:**

Svarprosenten på undersøkinga var relativt låg, og ein bør prøva å få fleire studentar til å respondera ved seinare høve, t.d. ved å informera om undersøkinga fleire gongar i undervisinga eller å senda studentane fleire påminningar. Stort sett ser det ut som om dei av studentane som responderte på undersøkinga, er relativt greitt nøgde med dei ulike aspekta ved emnet. Ved seinare høve bør ein prøva å få betre eigna undervisingsrom og dobbeltsjekka at pensum er tilgjengeleg til rett tid, og at studentane veit kvar dei skal få tak i dei ulike pensumtekstane.